

# Møtereftrat

**Møte:** Møte AU Midt  
**Tid/Sted:** Tysdag 10.03.20 kl 19 - 22 på Quality Airport Hotel Værnes  
**Tilstede:** Lars Morten Rosmo, Ragnar Valstad, Johan Kristian Daling, Kolbjørn Frøseth, Borgny Kjølstad Grande (via tlf), Sverre Tyldum, Bård Tore Berntsen, Olav Håkon Ulfnes og Roy Albertsen.  
**Forfall:**  
**Kopi til:** Vara AU Midt, leiargruppe Medlem region Midt og Tor Olav Brandtzæg  
**Referent:** Brit Kari Eidseflot Hauger

Molde, 10.03.2020

Sak nr.	Emne	Ansvar
1	<b>Oppsummering frå kretsmøta og saker for vidare oppfølging</b> Brit Kari gjekk gjennom oppsummeringa, og viste oppfølgingsrapporten. Lars Morten oppsummerte med at det hadde vore ein bra kretsmøterunde med eit godt plansjesett.  <u>Spørsmål/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Olav Håkon orienterte om at vår konserndirektør på kommunikasjon har bedt Nationen om meir nyansert framstilling ☐ deretter kom lønsoppslaget.</li><li>• Kan slakteria sjekke for digital dermatitt?</li><li>• For dårlege på info på egg og kylling.</li><li>• Bra møteleiarar, jamt over.</li></ul> <b>Vedtak: AU tek oppsummeringa til orientering.</b>	
2	<b>Evaluering inntransportprosjektet</b> Lars Morten la fram at det må diskuterast korleis det skal konkluderast når det ikkje vert RU-møte. Føreslår at AU trekk fram nokre punkt, og så må det samla oversendast styret. Forslag: Eigarar og leiing må ha ei felles forståing. Eigarane må kunne få gjere seg opp ei meining. Finne måtar å ha god dialog med eigarane på. Tillit til organisasjonsmodellen. Ha ein god debattkultur.  <u>Innspel/kommentarar:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• I slike saker må adm lage forslag til vedtak, som styret kan diskutere. Tek for lang tid å pløge ei sak gjennom eigarorganisasjonen. Har tross alt valgt nokon til å representere.</li><li>• Må ha tillit til dei som vi har sett til å styre. Må ikkje skape forventning om påverknad dersom ein ikkje kan innfri.</li><li>• Sjå for seg tidslinje med tydeleggjering av ansvar mellom adm og tillitsvalde.</li><li>• Vi misste kontrollen då sjåførane engasjerte seg.</li><li>• Sende konklusjonen frå AU til RU på høyring?</li><li>• Kretsutvala og kretsane har no fått kome med sine innspel til høyringa.</li><li>• Lage oversendingsbrev med forslag til styret.</li><li>• Vore unødig stort press på ansatte som må ut og forsvare prosessen på møter, det kunne vi tillitsvalde gjort.</li><li>• Vanskeleg at AU-medlemar skal selje noko som ein ikkje har tru på eller kan. Må seljast inn til oss fyrst.</li><li>• Er vi tydeleg nok på rollene, kven har ansvar for kva? Rolla til AU?</li></ul> <b>Vedtak: Lars Morten, Ragnar og Brit Kari formulerer punkta som oversendast styret saman med notatet med innspel, med kopi til RU.</b>	Lars Morten, Ragnar, Brit Kari

### 3 **Førebuing av RU-møtet**

AU diskuterte årets kretsutval i 2019 og årets tillitsvald.

#### Innspel/kommentarar:

- Forslag om styreleiar Trine som har gjort ein formidabel jobb i eit turbulent år.
- Forslag om Hustadvika og Averøy krets som året kretsutval.
- Kunngjerast no som Eigarbrev Midt, og prisen vert utdelt på RU-møtet i haust.

**Vedtak: AU vedtok at Hustadvika vert årets kretsutval i 2019 og Trine Hasvang Vaag årets tillitsvald.**

---

### 4 **Orientering frå Medlem region Midt**

Roy orienterte om status inntransport. Ein sjåfør som også er medlem i Nortura, har sagt opp jobben sin i transportselskap. Har tatt seg jobb med livdyrformidling og slaktedyrtransport for konkurrent. Vidare om marknadsandelar, tilførselsarbeidet og arbeidet med dyrevelferd.

#### Spørsmål/kommentarar:

- Skal Notra køyre annan transport enn slaktedyr?
- På dyrevelferd viktig at arbeidet vert bransjenøytralt, ikkje meirarbeid berre for Nortura.

**Vedtak: AU tek orientering til orientering.**

---

### 5 **Endring av vedtektene**

Olav Håkon orienterte om at det er nedsett ein vedtektskomité, der redusert styre, eksterne styremedlemar og gjennomgang av eigarorganisasjonen skal diskuteras.

Lars Morten: Diskusjon om korleis vi set saman eit styre, eigarstyre eller forretningsstyre. Vidare kostnad med eigarorganisasjonen og profesjonalitet/ansatte. Korleis bruke regionleddet? Samfunnskontakt? Politisk agenda?

#### Innspel/kommentarar:

- AU sin rolle opp mot styret utfordrande, dersom det vert forretningsstyre.
- Må vere villeg til å sjå på eigarorganisasjonen, har ei kostnadsside. Har nedbemanna ansatte, men ikkje gjort tiltak i eigarorganisasjonen. Mogeleg retning å styrke arbeidet i kretsane, og trappe ned på regionleddet.
- Nortura, samanlikna med TINE, har mange ulike produksjonar og interesser
- Kan vi legge meir ansvar til AU? Meir linka til styret?
- Kvifor negative til ikkje eigarvalgte styremedlemar?
- Forslag om å setje dette opp som sak på neste AU-møte.

**Vedtak: AU set innspel til vedtektskomitéen på saklista til neste fysiske møte.**

Brit Kari

---

### 6 **Instruks for lammeringsleiarar**

Ragnar orienterte om at det manglar ein instruks for lammeringsleiarar. Har skjedd at lammeringsleiarar har tatt med lammeringen sin over til konkurrent.

Bård Tore kommenterte at det har vore drøfta i fagutval småfe, og det finnast ein rettleiar. Felles forståing må skapast, i samarbeid mellom lammeringsleiarar og inntransportplanleggarar, for at det skal vere kostnadssparande.

**Vedtak: AU oppfordrar fagutval småfe om å utarbeide ein instruks for lammeringsleiarar.**

Bård Tore

---

### 7 **Førebuing av saker til årsmøtet**

Lars Morten ba om innspel på aktuelle saker. Han nemnde industristruktur, kommunikasjon med eigarane, arbeidet med dyrevelferd som AU har sett i gang, samfunnskontakt regionalt

Innspel/kommentarer:

- Bygge laget Nortura, minne oss på å snakke om det som går bra
- Storfesituasjonen og tap av marknadsandeler
- Definisjon av eigarrolla. Vi kan påverke.
- Landbruk over heile landet, industristruktur, kostnad med mottaksplikt, få betalt for marknadsregulatorrolla
- Meldast på førehand: Bygge laget Nortura og Landbruk over heile landet. Brit Kari melder det til ordførar.
- Tema må meldast til Lars Morten.

Brit Kari

AU

**Vedtak: Brit Kari melder to saker til årsmøtet, og årsmøteutsendingane jobbar vidare med andre tema. Tema meldast fortløpande til Lars Morten.**

---

8 **Dyrevelferdstema**

Lars Morten orienterte om arbeidet som har vore gjort med utviklinga av dyrevelferdstemaet. Planen er å jobbe vidare med det som fagmøter til hausten.

Innspel/kommentarer:

- Kvalitetssikre spørsmålet om tap av lam inne. Men prinsippet er bra.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

9 **Stand Agrisjå**

Roy orienterte om planlagde stands. Lars Morten orienterte om at Sparebank1 har invitert kjøtprosjektet og Nortura til samarbeid i teltet sitt.

Innspel/kommentarer:

- NM i saueklipping er lagt til Agrisjå.
- Må brukast ressursar og skapast stoltheit for Nortura.
- Invitere unge bønder til Sparebank1-teltet?
- Bemanne med unge bønder på standen?
- Få Nortura Tynset til å stille med sal og smaksprøver?

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

10 **Orientering etter fylkesårsmøter i Bondelag og Småbrukarlag**

Sverre orienterte frå årsmøtet i Nord- og Sør-Trøndelag Bonde- og Småbrukarlag.

Olav Håkon orienterte frå årsmøta i Møre og Romsdal Bondelag og årsmøtet i Møre og Romsdal Bonde- og Småbrukarlag.

Lars Morten orienterte frå samanslåingsmøtet til Trøndelag Bondelag. Ragnar skal delta på det ordinære årsmøtet.

Spørsmål/kommentarer:

- Vi burde vore representert på fylkesårsmøter i NSG, t.d. med fagutvalsmedlem.

**Vedtak: AU tek orienteringa til orientering.**

---

11 **Eventuelt**

- Ragnar tok opp at det i leveringsvilkåra er ein dato for skilje mellom lam og ung sau. Dersom eit lam er for tungt, kan det verte klassifisert som ung sau likevel.
- Ragnar har høyrte at fåreburger er etterspurt i Levanger og Stjørdal, men er ikkje funne i butikk.

Roy

Bård Tore